



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Sør-Vågsøy og Nord-Vågsøy

KONFIRMANT 2024-2025



Foto: Simen Prestaasen

Velkommen!

Til 8. klassingar med foreldre/føresette!

Det er ei glede for oss å ønske velkomen til konfirmantundervisning i kyrkja! Konfirmantundervisninga handlar om å utforske den kristne trua og dei store spørsmåla i livet, og bli betre kjent i Bibelen. Vi gjer mykje kjekt ilag som vi håpar du vil vere med på. Du er velkomen til konfirmasjon i kyrkja uansett om du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig!

Dei som ikkje er døypte er òg velkomne til å vere med i konfirmantundervisninga. I løpet av året vel ein om ein ønsker å bli døypt og konfirmert. Tid og stad for eventuell dåp blir avtalt etter ønske. Dei som er døypt i andre kyrkjesamfunn enn Den norske kyrkja, må legge ved kopi av dåpsattest ved påmelding.

Undervisning

Konfirmantane blir delt i fire grupper som skal ha undervisning i Sør-Vågsøy kyrkje omtrent annankvar onsdag og torsdag på hausten, og ein gong i månaden etter jul. Til saman ni samlingar. To grupper har undervisning rett etter skulen frå kl. 14.30-15.50, og to grupper frå kl. 16.00-17.20. Gruppene som startar kl. 16, blir først og fremst for dei som bur slik at dei kan gå til kyrkja.

Etter nyttår vil det vere fire samlingar i mindre samtalegrupper i private heimar. Det er fint å vere i ei mindre gruppe, der ein kan bli betre kjent med kvarandre, leike, snakke, stille spørsmål, lese i Bibelen og be. Det blir samlingar ein gong i månaden, onsdagar kl. 18.00-19.30, men gruppene endrar tidspunkt ved behov.

Konfirmantfestival i Operahuset på Eid og konfirmantleir på Fjordly blir kjeke, viktige og samlande arrangement for alle konfirmantane. Lysmessa pleier å vere stemningsfull, og under fasteaksjonen i mars får konfirmantane bidra til å hjelpe andre.

Deltaking frå foreldre/føresette

For at konfirmantåret skal bli best mogleg for alle er det fint om foreldre/føresette kan vere med og hjelpe til på eitt eller fleire arrangement i løpet av året, eller bake til ei samling. På konfirmantfestivalen laurdag 26. oktober, treng vi nokon som kan vere sjåførar og vere med under festivalen. Under Lysmessa 1. desember, treng vi nokon som kan hjelpe med kapper og øving på oppgåver. På konfirmantleiren 7.-9. februar treng vi vaksenleiarar på dagtid i tillegg til nattevakter, og under fasteaksjonen tysdag 8. april treng vi sjåførar. Kryss av på påmeldingsskjemaet, så tar vi kontakt når arrangementet nærmar seg. På førehand TAKK!!

Viktige datoar:

Presentasjonsgudsteneste med informasjonsmøte etterpå for konfirmantar og føresette:

- Sør-Vågsøy kyrkje: søndag 1. september kl. 11
- Nord-Vågsøy kyrkje: søndag 15. september kl. 11

Arrangement:

- Konfirmantfestival i Operahuset på Eid: laurdag 26. okt. kl. 11 – 19.30
- Lysmesse: søn. 1. des. kl. 18 i Nord-Vågsøy kyrkje (*konfirmantane møter kl. 16.30*)
- Konfirmantleir på Fjordly: fredag 7. – søndag 9. februar
- Fasteaksjonen, innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp: tys. 8. apr. kl. 17 – 20
- Konfirmantfest/gudsteneste: søn. 27. apr. kl. 11 – 14 i Nord-Vågsøy kyrkje

Konfirmasjonsdatoar våren 2025:

- Laurdag 3. mai kl. 10.30 i Sør-Vågsøy kyrkje
- Laurdag 3. mai kl. 12.30 i Sør-Vågsøy kyrkje
- Søndag 4. mai kl. 11.00 i Sør-Vågsøy kyrkje
- Laurdag 10. mai kl. 11.00 i Nord-Vågsøy kyrkje

All deltaking på undervisning og arrangement er obligatorisk. Viss du ikkje kan møte på presentasjonsgudsteneste i «di» kyrkje, så møter du i den andre kyrkja. På infomøtet etterpå, får de utdelt undervisningsplan der alt som skjer i løpet av året, står. Notèr allereie no datoane over, for dei står fast.

Gudstenester

Kvar konfirmant skal delta på *minst* 8 gudstenester. Det er fire obligatoriske gudstenester: presentasjonsgudsteneste, lysmesse, konfirmantfest / gudsteneste og konfirmasjon. I tillegg er det fire valfrie gudstenester der konfirmanten kan møte når og kor han/ho vil.

Tilrettelegging

For at konfirmantåret skal bli best mogleg for konfirmanten, er det fint om vi får informasjon om konfirmanten når det gjeld sjukdom, diagnosar, spesialpedagogiske tiltak, forhold i familien eller anna. Skriv det i skjemaet eller ta kontakt med oss. Vi ønsker å legge til rette slik at alle skal få best mogleg utbytte av året.

Pris

Det kostar kr. 1700 å vere konfirmant. Dette inkluderer mellom anna bok, festival og leir. Giro blir sendt ut. Om nokon av ulike grunnar treng å få dekka

delar av eller heile konfirmantavgifta, så ta kontakt med Marte-Iren. Ingen spørsmål vil bli stilt.

Informasjon

Ta vare på denne brosjyra, her står den viktigaste infoen. På infomøta etter presentasjonsgudstenestene kjem meir viktig info om året. Informasjon vil òg ligge på heimesida vår; kinn.kyrkja.no, under fana Konfirmasjon. Gjennom året vil info bli gitt gjennom Spond, ein app for organisering av aktivitetar. Etter påmeldingsfristen er gått ut, blir de lagt til ei Spond-gruppe for konfirmantar og foreldre/føresette. Bruker ein Spond frå før, vil det vere ein fordel å registrere seg som konfirmant/føresett med same e-postadresse som ein bruker i Spond. Om de ikkje kan eller vil laste ned appen, får de informasjon på e-post. Bekreftelse på konfirmasjonsdag og undervisningsdag/tidspunkt for konfirmantane blir lagt ut på Spond i juni.

Påmelding

Konfirmanten fyller ut skjemaet saman med foreldre/føresette på:

<https://minkirkeside.no/kinn>

Logg på med mobilnummer. Trykk på Registrer ny konfirmant, og vel sokn: Nord-Vågsøy for dei som høyrer til kyrkja på Raudeberg og Sør-Vågsøy for dei som høyrer til kyrkja i Måløy.

Påmeldinga opnar mandag 15. april.

Påmeldingsfristen er onsdag 1. juni.

MERK:

Det er avgrensa plassar på val av tidspunkt til konfirmantgrupper og dei to konfirmasjonane i Sør-Vågsøy kyrkje laurdag 3. mai. For at det skal bli rettferdig, er det første mann til mølla ved påmelding. Ikkje ver redd for å ta kontakt om noko er uklart med skjemaet, eller de har andre spørsmål. Send gjerne ein e-post, ring eller kom innom kyrkjekontoret for ein prat. Vi gler oss til å bli kjent med konfirmantane og ser fram til eit godt samarbeid med foreldre/føresette! 😊

Måløy, 02.04.24

Med venleg helsing



Beate Folkestad Osdal, sokneprest
Marte Iren Lade, kyrkjelydspedagog

Kontaktinfo: Marte-Iren Lade Mobil: 473 65 959

Epost: marte-iren.lade@kinn.kommune.no